

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5918 FREKHAUG

Dato: 29.07.2019
Vår ref.: 2019/13255-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om dispensasjon - gnr. 1, bnr. 159 - Flatøy - Meland kommune

Me viser til brev datert 24..06.2019, mottatt 27.06.2019. Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Saka gjeld søknad om riving av hytte og oppføring av ny hytte på gnr. 1, bnr. 159, Flatøy kommune.


Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor den aktuelle eigedomen. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Like nord for eigedomen på gnr. 1, bnr. 324, 266 og 11 ligg det eit automatisk freda kulturminne ein steinalderbuplass, Askeladden id. 66412, sjå figur 1.

Hordaland fylkeskommune syner til § 3 første ledd i kulturminnelova:

Ingen må – uten at det er lovlig etter § 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.

Fylkeskonservatoren ber tiltakshavar, ansvarleg søkjar, prosjekterande og utførande vere spesielt merksame på over nemnde føresegn i anleggsfasen.



Figur 1. Kartfesting av automatisk freda kulturminne med tilhørende sikringssone

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Inger Lena Gåsemyr
fung. fylkeskonservator

Sigrun Wølsta
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.